

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 22. mai 2012

Tilstades: Regionordfører Torstein Tveito, Hilde Alice Vågslid, Øyvind Tveit, Jon Svartdal, Arne Vinje, Erik Skjervagen, Hans Bakke, Per Dehli, Asbjørn Storrusten, Hans Kristian Lehmann, , Kjell Gunnar Heggenes og Ole Dalen

Andre til stades:

Haldor Kaasin, Børge Skårdal, Jørgen Moen

Møteinkallinga dagsett 16. mai 2012 og sakliste vart godkjent utan merknader.

Sak 25/2012 - Referat frå rådsmøte 20. mars 2012

Vedtak:

Referatet vert samrøystes godkjent utan merknader.

Sak 26/2012 - Vidare organisering av VTR

Vedtak:

Vest-Telemarkrådet sluttar seg til den felles tilrådinga frå rådmannsutvalet/regionrådsleiar der den vidare organiseringa av Vest-Telemarkrådet byggjer på vurderingane i den utvida konsekvensanalyse. Dette inneber mellom anna at det ikkje vert endringar i eigartilhøva i VTNU og at samlokalisering mellom VTR og VTN/VTNU held fram.

Sak 27/2012 - Forslag til sakliste Vest-Telemarktinget 19. juni 2012

Vedtak:

Forslag til sakliste for Vest-Telemarktinget 19. juni 2012 vart godkjent.

Møtet startar kl 10:00 og finn stad på Vest-Telemark Museum i Eidsborg. Denne dagen held ein også representantskapsmøte i Vest-Telemark Brannvesen, årsmøte i VTN/VTNU samt avsluttande møte i Fellesfondet.

Sak 28/2012 - Forslag til årsmelding og rekneskap 2011 for Vest-Telemarkrådet

Jørgen Moen frå Vest-Telemark Økonomi og Rekneskap AS orienterte nærare om rekneskapen. Det låg føre negativ revisjonsberetning frå Telemark Kommunerevisjon med grunngjevnad i at Vest-Telemarkrådet no bør fylgje dei kommunale reglane som tilseier innleveringsfrist i februar.

Vedtak:

Forslag til årsmelding og rekneskap 2011 for Vest-Telemarkrådet vert samrøystes godkjent for framlegging i Tinget 19. juni.

Sak 29/2012 - Forslag til rapport arbeidsprogrammet 2012 – 2013

Vedtak:

Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til rapport med endring at prosjektet "Liv i Vinje" takast ut. Rapporten leggst fram for Tinget 19. juni for endeleg godkjenning.

Rådet tilrår også at rapporteringa vert redusert til ein gong kvart år med handsaming i desember.

Sak 30/2012 - Nasjonal Transportplan 2014 – 2023, forslag til høyringsuttale

Vedtak:

Vest-Telemarkrådet sluttar seg til det framlagte forslaget til uttale i høve til Nasjonal Transportplan 2014 - 2023. Uttala vert adressert til NTP-sekretariatet i tillegg til Telemark Fylkeskommune, og signerast av regionordførar Torstein Tveito og regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggenes.

Sak 31/2012- Høgfartsutgreiinga, forslag til høyringsuttale

Vedtak:

Vest-Telemarkrådet sluttar seg til det framlagte forslaget til høyringsuttale til Høgfartsutgreiinga 2010-2012. Uttala vert signert av ordførarane i Vest-Telemarkrådet og adressert til Jernbaneverket.

Sak 32/2012 - Elektroniske møterom

Vedtak:

Vest-Telemarkrådet ber sekretariatet utforme mandat for innføring av Elektroniske møterom, for handsaming i Vest-Telemarkrådet 21. august.

Sak 33/2012 - Forstudie. Felles reiselivskoordinering i Vest-Telemark

Vedtak:

Vest-Telemarkrådet sluttar seg til framlegget frå dei reiselivsansvarlege med denne uttala: "Dei reiselivsansvarlege tilrår at ein avventar handsaminga av forstudierapport "Felles reiselivskoordinering i Vest-Telemark" til Fylkeskommunen har konkludert sitt arbeid "Organisering og rollefordeling av reiselivet i Telemark".

Sak 34/2012 - Pilegrimsvegen. Status regionale prosjekt

Vedtak:

Vest-Telemarkrådet ynsker ikkje å gå vidare til forprosjekt med Pilegrimsvegen. Prosjektet avsluttast etter ferdig sluttrapport til forstudiet.

Sak 35/2012 - Mogleg forprosjekt Øvre Telemark Friluftsråd

Vedtak:

Vest-Telemarkrådet ber rådmannsutvalet vurdere saka og koma med innstilling til vedtak på rådsmøtet i august.

Sak 36/2012 - Arbeidsgruppa for E134/Rv36, vidare organisering

Vedtak:

"Regionrådsleiar sonderar med Telemark Fylkeskommune og dei 3 andre kommuneregionane i Telemark om det er interesse for å føre vidare Arbeidsgruppa for E134/Rv36, som eit felles forum for aktuelle vegsaker i fylket".

Sak 37/2012 - Vest-Telemark Museum, kandidat til "Årets museum 2012"

Vedtak:

"Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til søknad der Vest-Telemark Museum vert lansert som kandidat til "Årets museum 2012".

Sak 38/2012 - Orienteringssaker

Vergemålsreformen.

Reformen inneber at det lokale myndet i høve til vergemål vert overført frå kommunane til Fylkesmannen. Hans Kristian Lehmann orienterte kort om saken og stilte mellom anna spørsmål om det er aktuelt å opprette ei regional stilling som hjelpeverge.

Politikarskulen.

Ole Dalen orienterte om det nye studietilbodet ved HiT avd. Bø som vert oppretta frå komande haust.

Brannvesenets rolle ved trafikkulukker/kostnader.

Torstein Tveito orienterte kort om problemstillingane omkring at brannvesenet alltid er fyrst på skadestaden og politiet mest alltid sist. Brannvesenet må såleis ta seg av trafikkdirigeringa inntil politiet kjem tilstades og det er trong for nærare avklaring av ansvar osv.

IKT-strategi, status.

Per Dehli orienterte om status i arbeidet med IKT-strategi for Vest-Telemark.

Ein vil mellom anna tilrå at det vert oppretta eit konfigurasjonsstyre bestående av rådmennene og at ansvaret for IKT_koordineringa vert lagt til Vest-Telemarkrådet.

Deltaking i møta til TFK, hovudutvala og fylkesting.

Regionrådsleiar får i oppdrag å organisere ei fastare deltaking i hovedutval, fylkesutval og fylkesting, og melder til ordførararane/varaordførarane i forkant av møta med tanke på auka deltaking. Ein ynskjer også å invitere fylkesordførar og andre aktuelle personar i administrasjonen til å delta på møta i Vest-Telemarkrådet.

Postombering i utkantstrok (utdelt papir på møte - frist for høring 5. juni).

Det låg føre e-post frå Harald Omnes i høve postens nye konsesjonsvilkår og redusert postombering i utkantstrok. Det er sendt uttale frå vår region tidlegare i saken og ein oppmodar til politisk oppfølging av dette.

Miljøfyrtårn.

Det låg føre e-post frå stiftelsen Miljøfyrtårn med spørsmål om å få til eit nærare møte om denne sertifiseringsordninga. Vest-Telemarkrådet kan ikkje sjå at slikt møte er aktuelt på det noverande tidspunktet.

LVK- nytt.

Øyvind Tveit orienterte kort om seminara 30. – 31. mai og om aktuelle saker til landsstyremøte i juni.

Luftambulanse.

Det låg føre e-post frå Ragnvald Christenson i høve til mogleg stasjonering av luftambulanse i Telemark.

Sak 39/2012 Ymse.

Ingen saker.

Referent: Ole Dalen